



## Surnadal kommune - oppstartsmelding av skogvern ved Geitåa

Fylkesmannen melder i samsvar med naturmangfaldlova § 42, oppstart av eit arbeid med frivillig skogvern i Surnadal kommune.

Verneplanarbeidet skjer med grunnlag i vedtak i Stortinget om å auke skogvernet og er såleis ein del av Regjeringa si satsing for meir skogvern.

Tilbodet om vern kjem frå grunneigar på gnr. 84 bnr. 3 i Surnadal kommune. Det omfattar eit areal på ca. 428 dekar skog.

Gjennom denne meldinga er det ønskjeleg å få fram mest mogeleg kunnskap og informasjon om bruken av området, brukarinteresser, eventuelt også om til dømes kulturverdiar og anna som det kan vere aktuelt å vite om og ta omsyn til ved utarbeiding av eit endeleg verneplanframlegg.

Det naturfaglege grunnlaget for verneframlegget er basert på undersøkingar gjort av Miljøfagleg Utredning ved supplerande naturtypekartlegging i Surnadal kommune, 2011.

Hovudformålet med vern er å sikre eit biologisk verdfullt skogsområde som ein del av naturarven. Eit vern som naturreservat inneber den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og konsekvensen er eit forbod mot alle tiltak som kan endre naturmiljøet.

Området består av ein mosaikk av rik edellauvskog med gammal lauvskog og innslag av sumpskog. Området er rikt med staude-lågurt prega mark, samt variasjon med bekkekløft og bergvegger. Lokaliteten har ein A verdi da den er relativt stor med godt utvikla skogstruktur. Her er det gamle trær og fleire raudlista artar.

Dei naturfaglege data viser at området har kvalitetar for vern som naturreservat. Etter avtale med grunneigarane og ALLSKOG melder fylkesmannen oppstart av ein verneplanprosess for området. Det er ein føresetnad for vern at det vert inngått avtale om erstatning.

Vedlagt følgjer kart som viser området (./.).

Dette brevet med oversiktskart og fagrapporet lagt ut på Fylkesmannen i Møre og Romsdal si nettside under «Høyringar». Dersom det er andre enn dei som er med på adresselista som bør få meldinga tilsendt, vil vi vere takksame for å bli informert om det.

Etter innspelsfasen, vil det bli laga eit verneframlegg med verneforskrift og tilhøyrande vernekart. Dette blir sendt på høyring med ein frist på om lag 2 månader. Vedtak om vern kan tidlegast skje hausten 2019. Eventuelle spørsmål om verneplanarbeidet kan rettast til fylkesmannen, postboks 2520, 6404 Molde, evt. på e-post fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Fristen for å kome med merknader/innspel til denne meldinga er 01.02.2019. Dersom kommunen eller andre har behov for ei nærmare drøfting av saka før eit verneframlegg blir sendt på høyring, er det ønskeleg å bli kontakta om det så snart som mogleg. Melding om å starte opp verneplanprosessen vert også kunngjort i Aura Avis, Driva og Tidens Krav. Dette brevet vert sendt på e-post til dei vi har adresse på.

Med helsing

Ola Betten (e.f.)  
fagansvarleg

Hege Steigedal

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

1 Tilbodskart

Kopi:

MILJØDIREKTORATET ALLSKOG SA	Postboks 5672 Torgarden Ingvald Ystgaards veg 13A	7485 7047	TRONDHEIM TRONDHEIM
---------------------------------	--	--------------	------------------------

Adresseliste sendt per epost:

Nordmøre og Romsdal friluftsråd	Idrettsvegen 2	6413	Molde
NOF avd. Møre og Romsdal	v/Olbjørn Kvernberg, Idrettsvegen 9	6413	Molde
Molde og Romsdal Turistforening	Postboks 486	6401	Molde
Møre og Romsdal Bondelag	Fannestrandsvegen 63	6415	Molde
NEAS	Industriveien 1	6517	Kristiansund
Forum for Natur og Friluftsliv	Idrettsvegen 2	6413	Molde
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Skaret	6422	Molde
Naturvernforbundet i M&R	v/Øystein Folden	6630	Tingvoll

Statens namnekonsulent for Midt-Noreg	Institutt for nordistikk, NTNU v/Stein Brubæk	7491 6636	Trondheim Angvik
Møre og Romsdal Bonde- og Småbrukarlag	v/Odd Bjarne Bjørdal	6150	Ørsta
Møre og Romsdal Sau og Geit		her her	
Møre og Romsdal fylkeskommune			
Statens Vegvesen			
AVINOR AS	Postboks 150	2061	Gardermoen
Biologisk institutt, Universitetet i Oslo	Postboks 1066, Blindern	0316	Oslo
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	Oslo
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Boks 3021 Lade	7441	Trondheim
Fakultetet for naturvitenskap og teknologi	Realfagbygget, NTNU	7491	Trondheim
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	Oslo
Friluftslivets fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	Oslo
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei 203	1337	Sandvika
Kjemisk Forbund	Youngsgt. 11	0181	Oslo
Kommunal- og moderniseringsdepartem entet	Postboks 8112 Dep	0032	Oslo
Kommunenes sentralforbund	Postboks 1378 Vika	0114	Oslo
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	Bodø
Natur og Ungdom	Postboks 4783 Sofienberg	0506	Oslo
NHO Reiseliv	Postboks 5465 Majorstuen	0305	Oslo
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	Oslo
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	Nesbru
Norges Fjellstyresamband	Stortingsgt. 30	0161	Oslo